



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 29.04.2010  
**Møtetid:** 14:00 - 20.10  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

<b>Desse medlemmene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Helga Nygård Sp Marion Langhelle Pedersen Frp Gunnveig Loe Ap fekk permisjon og måtte gå frå møtet kl 17.00	Monica Tjønnna Sp Tyra Pedersen Frp Ole Totland Ap kom til i handsaminga under sak 10/10 kl. 17.00

### **Andre som var til stades på møtet:**

- Tone Ramsli, rådmann, under heile møtet
- Hilde Lill Våge, assisterande rådmann, under heile møtet
- Magda Haugen, politisk sekretær, under heile møtet
- Karin H. Steinsland, pedagogisk konsulent, under sak nr.16/10 og sak nr.19/10
- Nina Erdal, økonomisjef, under heile møtet
- Willy Hauge, revisor, under sak. nr 11/10.
- Kari Nygard, sekretær frå Kontrollutvalet, under sak. nr 11/10 og nr. 22/10

### **Merknader:**

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gunnhild Utkvitne frå Kompetansesenteret for småkraft orienterte om status i prosjektet.</li><li>• Merete Mikkelsen frå Vest-Norges Brusselkontor orienterte om verksemda for dette kontoret.</li></ul>
<b>Utvalet sitt kvarter</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sture Tveit H spurde om det er drøfta i PØ om det kan vera aktuelt å kjøpa aksjar i BKK dersom desse vert lagt ut for sal. Ordførar Marit A. Aase svara at dette spørsmålet vil verta teke opp til drøfting dersom saka vert aktuell.</li></ul>
<b>Spørsmål/interpellasjonar:</b>	
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Notat frå BIR AS dat. 20.02.10 vedk. situasjonen for BIRs forbrenningsanlegg og for BKK Varmes fjernvarmesatsing.</li><li>• Brev frå BIR AS dat. 23.04.10 til eigarkommunane i BIR om situasjonen for BIRs</li></ul>

	forbrenningsanlegg og for BKK Varnes fjernvarmeanlegg
--	--

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 07.05.2010

Tyra Pedersen

Kristian Jørgensen

Marit A. Aase

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
009/10	10/236	Faste saker	
010/10	10/124	Årsmelding 2009	
011/10	10/217	Godkjenning av kommunerekneskapen 2009	
012/10	10/235	Årsmelding 2009 frå kontrollutvalet	
013/10	09/228	Godkjenning av energi - og klimaplan for Samnanger kommune	
014/10	10/197	Avfallsplan BIR Privat 2010-15	
015/10	09/496	Organisering av arbeidet med næringsutvikling i Samnanger kommune	
016/10	09/692	Ny skulestruktur 2010 - oppretting av styringsgruppe	
017/10	09/537	Interkommunalt samarbeid på brann og feiing	
018/10	10/137	Områdeplan for Bjørkheimsområdet - finansiering	
019/10	09/619	Tilleggsløyving Norskopplæring av flyktningar i grunnskulen	
020/10	10/216	Vest-Norges Brusselkontor	
021/10	10/157	Norheimsund Industrier AS - førespurnad om teikning av aksjer	
022/10	09/593	Val av revisor for Samnanger kommune	
023/10	10/207	Fritak frå kommunale verv 2010-11 - Marion Langhelle Pedersen. Val av representantar i hennar stad	

**SAKNR. 009/10**  
**FASTE SAKER**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent slik den ligg føre med følgjande endringar – sak nr. 16/10 vert handsama som første sak etter faste saker.
  - Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.
- 

**29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

- Liv Berit K. Befring orienterte om at ho ikkje hadde fått møteinnkallinga til dette møtet.
- Val av to representantar til å underteikna protokollen:
  - Tyra Pedersen, Frp
  - Kristian Jørgensen, Krf
  - Marit A. Aase, Krf

**KS-009/10 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent slik den ligg føre med følgjande endringar – sak nr. 16/10 vert handsama som første sak etter faste saker.
- Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.
- Val av to representantar til å underteikna protokollen:
  - Tyra Pedersen, Frp
  - Kristian Jørgensen, Krf
  - Marit A. Aase, Krf
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

**SAKNR. 010/10**  
**ÅRSMELDING 2009**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Årsmelding for 2009 vert lagt fram til godkjenning.

**15.04.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

**Handsaming i møtet:** Marit Aase sette fram følgjande fellesframlegg: ”Samnanger kommune tek Årsmelding 2009 til orientering.” Samrøystes vedteke.

**PØ-014/10 VEDTAK:**

Samnanger kommune tek Årsmelding 2009 til orientering.

#### **29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet: Rådmann Tone Ramsli og økonomisjef Nina Erdal orienterte om og svarta på spørsmål om årsmeldinga 2009.

Det vart røysta over framlegget frå PØ som vart samrøystes vedteke.

#### **KS-010/10 VEDTAK:**

Samnanger kommune tek Årsmelding 2009 til orientering.

#### **SAKNR. 011/10**

#### **GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN 2009**

#### **15.04.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

**Handsaming i møtet:** Utvalet fekk utlevert vedtak i frå kontrollutvalet, 13.04.10. vedk. årsrekneskapen 2009. **Marit Aase** sette fram følgjande fellesframlegg: "Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2009 og revisjonsmeldinga slik den ligg føre. Overskotet på kr. 4,7 mill. vert ført på disposisjonsfondet." Samrøystes vedteke.

#### **PØ-015/10 VEDTAK:**

Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2009 og revisjonsmeldinga slik den ligg føre. Overskotet på kr. 4,7 mill. vert ført på disposisjonsfondet.

#### **29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Revisor Willy Hauge orienterte om si vurdering av rekneskapen for Samnanger kommune 2009.

Det vart røysta over framlegget til vedtak frå PØ, og dette vart samrøystes vedteke.

#### **KS-011/10 VEDTAK:**

Samnanger kommune godkjenner kommunerekneskapen for 2009 og revisjonsmeldinga slik den ligg føre. Overskotet på kr. 4,7 mill. vert ført på disposisjonsfondet.

#### **SAKNR. 012/10**

#### **ÅRSMELDING 2009 FRÅ KONTROLLUTVALET**

#### **Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2009.

## **29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Det vart røysta over framlegget frå kontrollutvalet og dette vart samrøystes vedteke.

### **KS-012/10 VEDTAK:**

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2009.

## **SAKNR. 013/10**

### **GODKJENNING AV ENERGI - OG KLIMAPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE**

## **14.04.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet:

Utvalet gjekk samrøystes inn for at planutkastet dagsett mars 2010 vedteken.

### **NAT-011/10 VEDTAK:**

Energi- og klimaplan for Samnanger kommune dagsett mars 2010 vert godkjend.

## **29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Sigmund Dyrhovden Krf orienterte som medlem av plangruppa om arbeidet med og innhaldet i energi- og klimaplanen.

Sigmund Dyrhovden Krf. sette fram følgjande framlegg til vedtak: "Tillegg: Pkt. T.1 under haldningar får førsteprioritet under energibruk."

Monica Tjønnha Sp hadde følgjande framlegg til vedtak: "Tillegg: Samnanger kommune tar initiativ til et tiltak om samarbeid mellom kommunene Samnanger, Fusa og Kvam vedrørende pendlerbuss til området Kokstad/Sandsli og evt andre store arbeidssteder. Arbeidsgivere, kommunene og pendlerne er alle med på å betale regningen. Alt i alt vil man spare miljøet for mye utslipp frå biler."

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå naturutvalet og dette vart samrøystes vedteke med følgjande tillegg:

- Tillegg: Pkt. T.1 under haldningar får førsteprioritet under energibruk.
- Tillegg: Samnanger kommune tar initiativ til et tiltak om samarbeid mellom kommunene Samnanger, Fusa og Kvam vedrørende pendlerbuss til området Kokstad/Sandsli og evt andre store arbeidssteder. Arbeidsgivere, kommunene og pendlerne er alle med på å betale regningen. Alt i alt vil man spare miljøet for mye utslipp frå biler."

### **KS-013/10 VEDTAK:**

Energi- og klimaplan for Samnanger kommune dagsett mars 2010 vert godkjend med følgjande tillegg i tiltakslista kap. 4.1

#### **Tiltak 1 Energibruk**

- Samnanger kommune skal arbeida aktivt for å etablera eit attraktivt bustadområde med lågenergibustadar og ”passivhus”, anten som eit kommunalt felt, eller gjennom avtale med private utbyggjarar.

#### **Tillegg til pkt 1 Klima og miljø**

- Samnanger kommune tar initiativ til et tiltak om samarbeid mellom kommunene Samnanger, Fusa og Kvam vedrørende pendlerbuss til området Kokstad/Sandsli og evt andre store arbeidssteder. Arbeidsgivere, kommunene og pendlerne er alle med på å betale regningen. Alt i alt vil man spare miljøet for mye utslipp frå biler.”

### **SAKNR. 014/10**

#### **AVFALLSPLAN BIR PRIVAT 2010-15**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Samnanger kommunestyre tek revisjonsrapporten ”BIR Privat AS – Revisjon av avfallsplanen 2004-08” til orientering.
2. Samnanger kommunestyre tek ”Avfallsplan for BIR Privat 2010-2015 Måldokument til politisk behandling” til etterretning, og sluttar seg til avfallsplanens hovudmål og delmål.
3. Samnanger kommunestyre ber BIR Privat leggja fram ny sak om innsamling og behandling av matavfall for produksjon av biogass når fleire forhold rundt biogassanlegget og behandlingstkostnader er klarlagt.
4. Samnanger kommune vil i samarbeid med BIR innarbeida krav til infrastruktur for avfall i kommuneplanar, reguleringsplanar og sikra at moderne infrastruktur for avfall vert etablert i kommunen.
5. Kommunestyret vil invitere BIR Privat til å møta årleg for å orientera om status og måloppnåing innan avfallsområdet.

### **15.04.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

### **PØ-016/10 VEDTAK:**

1. Samnanger kommunestyre tek revisjonsrapporten ”BIR Privat AS – Revisjon av avfallsplanen 2004-08” til orientering.
2. Samnanger kommunestyre tek ”Avfallsplan for BIR Privat 2010-2015 Måldokument til politisk behandling” til etterretning, og sluttar seg til avfallsplanens hovudmål og delmål.
3. Samnanger kommunestyre ber BIR Privat leggja fram ny sak om innsamling og behandling av matavfall for produksjon av biogass når fleire forhold rundt biogassanlegget og behandlingstkostnader er klarlagt.

4. Samnanger kommune vil i samarbeid med BIR innarbeida krav til infrastruktur for avfall i kommuneplanar, reguleringsplanar og sikra at moderne infrastruktur for avfall vert etablert i kommunen.
5. Kommunestyret vil invitara BIR Privat til å møta årleg for å orientera om status og måloppnåing innan avfallsområdet.

## **29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Ordførar Marit A. Aase innleidde med litt orientering om saka slik den no står.

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå PØ og dette vart samrøystes vedteke.

### **KS-014/10 VEDTAK:**

1. Samnanger kommunestyre tek revisjonsrapporten "BIR Privat AS – Revisjon av avfallsplanen 2004-08" til orientering.
2. Samnanger kommunestyre tek "Avfallsplan for BIR Privat 2010-2015 Måldokument til politisk behandling" til etterretning, og sluttar seg til avfallsplanens hovudmål og delmål.
3. Samnanger kommunestyre ber BIR Privat leggja fram ny sak om innsamling og behandling av matavfall for produksjon av biogass når fleire forhold rundt biogassanlegget og behandlingkostnader er klarlagt.
4. Samnanger kommune vil i samarbeid med BIR innarbeida krav til infrastruktur for avfall i kommuneplanar, reguleringsplanar og sikra at moderne infrastruktur for avfall vert etablert i kommunen.
5. Kommunestyret vil invitara BIR Privat til å møta årleg for å orientera om status og måloppnåing innan avfallsområdet.

## **SAKNR. 015/10**

### **ORGANISERING AV ARBEIDET MED NÆRINGSUTVIKLING I SAMNANGER KOMMUNE**

#### **15.04.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet: Marit Aase fekk permisjon og gjekk frå møtet kl. 19.45.

Varaordførar **Bright Olav Gåsdal** leia møtet vidare.

**Bright Olav Gåsdal** sette fram følgjande framlegg:

Pkt 1: "Samnanger kommune vil nytte BRB som kommunen sitt interkommunale selskap for næring til dei større sakene.

Pkt 2: Me vil handtera dei mindre sakene internt i kommuneorganisasjonen.

Pkt 3: PROSAM a.s. vert tilrådd avvikla.

Pkt 4: Det vert arbeidd for at det vert oppretta ei stilling som samfunnsutviklar (plan og næring). Økonomiplanarbeidet tek opp i seg at stillinga ligg inne med lønsmidlar for siste halvår i 2012.

Pkt 5: Engasjementstillinga vert forlenga til våren 2012 og vert vidare knytt opp mot stillinga LivOGlyst-stillinga på 60%."



Det vart røysta punktvis  
Pkt. 1 vart samrøystes vedteke.  
Pkt. 2 vart samrøystes vedteke.  
Pkt. 3 vart samrøystes vedteke.  
Pkt. 4 vart vedteke mot ei røyst.  
Pkt. 5 vart vedteke mot ei røyst.

**PØ-024/10 VEDTAK:**

Pkt 1: ”Samnanger kommune vil nytte BRB som kommunen sitt interkommunale selskap for næring til dei større sakene.  
Pkt 2: Me vil handtera dei mindre sakene internt i kommuneorganisasjonen.  
Pkt 3: PROSAM a.s. vert tilrådd avvikla.  
Pkt 4: Det vert arbeidd for at det vert oppretta ei stilling som samfunnsutviklar (plan og næring). Økonomiplanarbeidet tek oppi seg at stillinga ligg inne med lønsmidlar for siste halvår i 2012.  
Pkt 5: Engasjementstillinga vert forlenga til våren 2012 og vert vidare knytt opp mot stillinga LivOGlyst-stillinga på 60%.

**29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Jon Magne Bøgevik Frp ba om punktvis røysting.

Det vart røysta punktvis over framlegget frå PØ:

Pkt. 1 vart samrøystes vedteke.  
Pkt. 2 vart samrøystes vedteke.  
Pkt. 3 vart samrøystes vedteke.  
Pkt. 4 vart vedteke mot 3 røyser.  
Pkt. 5 vart vedteke mot 3 røyser.

**KS-015/10 VEDTAK:**

Pkt 1: Samnanger kommune vil nytte BRB som kommunen sitt interkommunale selskap for næring til dei større sakene.  
Pkt 2: Me vil handtera dei mindre sakene internt i kommuneorganisasjonen.  
Pkt 3: PROSAM a.s. vert tilrådd avvikla.  
Pkt 4: Det vert arbeidd for at det vert oppretta ei stilling som samfunnsutviklar (plan og næring). Økonomiplanarbeidet tek oppi seg at stillinga ligg inne med lønsmidlar for siste halvår i 2012.  
Pkt 5: Engasjementstillinga vert forlenga til våren 2012 og vert vidare knytt opp mot stillinga LivOGlyst-stillinga på 60%.

**SAKNR. 016/10**

**NY SKULESTRUKTUR 2010 - OPPRETNING AV STYRINGSGRUPPE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak (til Personal og økonomiutvalet si handsaming 28.01.2010):**

PØ-utvalet vert styringsgruppe for arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger. Det vert oppretta ei prosjektgruppe som rapporterar til PØ, innanfor dei tre delområda: Bygg/skuleveg, Personal og Pedagogiske område. Mandatet til prosjektgruppa er vedtak i sak 57/09: Framtidig skulestruktur i Samnanger, langsiktig og kortsiktig løysing.  
PØ opprettar ei gruppe som for ansvar for namn på barneskulen.

## **28.01.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet:

**Øyvind Røen** sette fram slikt framlegg til vedtak.

*PØ-utvalet vert styringsgruppe for arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger. Det vert oppretta ei prosjektgruppe som rapporterar til PØ, innanfor dei tre delområda: Bygg/skuleveg, Personal og Pedagogiske område.*

Det vart røysta alternativt over rådmannen sitt framlegg til vedtak og Røen sitt framlegg. 3 røysta for framlegget frå Røen og vert vedteke. 2 røysta for framlegget frå rådmannen.

### **PØ-003/10 VEDTAK:**

*PØ-utvalet vert styringsgruppe for arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger. Det vert oppretta ei prosjektgruppe som rapporterar til PØ, innanfor dei tre delområda: Bygg/skuleveg, Personal og Pedagogiske område.*

## **18.02.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

### **KS-003/10 VEDTAK:**

Saka vart trekt.

## **13.04.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG**

Handsaming i møtet: Samrøystes felles framlegg:” OO-utvalet vert styringsgruppe for det vidare arbeidet med utbygging av Gjerde skule til ein barneskule. Prosjektgruppa som er oppretta for dette arbeidet, rapporterar til OO. Mandatet til Prosjektgruppa er vedtak i k-sak 57/09 for det som gjeld barnetrinnet.

Den nye barneskulen opprettheldt namnet: Gjerde skule.”

### **OO-007/10 VEDTAK:**

OO-utvalet vert styringsgruppe for det vidare arbeidet med utbygging av Gjerde skule til ein barneskule. Prosjektgruppa som er oppretta for dette arbeidet, rapporterar til OO. Mandatet til Prosjektgruppa er vedtak i k-sak 57/09 for det som gjeld barnetrinnet.

Den nye barneskulen opprettheldt namnet: Gjerde skule.

## **29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Assisterande rådmann Hilde Lill Våge og pedagogisk konsulent Karin H. Steinsland orienterte om og svara på spørsmål om prosessen med omorganiseringa av skulane.

Brigt Olav Gåsdaal Ap ba om gruppemøte og møtet vart heva kl. 15.30. Møtet vart sett att kl 15.40.

Ap sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”OO-utvalet vert styringsgruppe for det vidare arbeidet med utbygging av Gjerde skule til ein barneskule. Prosjektgruppa som er oppretta for dette arbeidet, rapporterar til OO. Mandatet til Prosjektgruppa er vedtak i k-sak 57/09 for det som gjeld barnetrinnet. Namnet på den nye barneskulen skal vera Samnanger barneskule.”

15 røysta for framlegget frå Ap medan 6 røysta for framlegget frå OO. Framlegget frå AP vart vedteke.

#### **KS-016/10 VEDTAK:**

OO-utvalet vert styringsgruppe for det vidare arbeidet med utbygging av Gjerde skule til ein barneskule. Prosjektgruppa som er oppretta for dette arbeidet, rapporterar til OO. Mandatet til Prosjektgruppa er vedtak i k-sak 57/09 for det som gjeld barnetrinnet. Namnet på den nye barneskulen skal vera Samnanger barneskule.

#### **SAKNR. 017/10**

#### **INTERKOMMUNALT SAMARBEID PÅ BRANN OG FEIING**

#### **Merknader:**

Til handsaminga i naturutvalet låg ikkje uttalane frå fagforbundet og frå verneombod og tillitsvalde i brannvesenet med. Dei er heller ikkje kommentert i saksutgreiinga. Desse ligg no ved saka til kommunestyret.

#### **14.04.2010 NATURUTVALET**

Handsaming i møtet:

Utvalet sluttar seg til konklusjonen i rapporten og ynskjer å starta opp eit samarbeid med Fusa kommune om brann og feiing.

#### **NAT-023/10 VEDTAK:**

Samnanger kommune er positiv til at det vert inngått avtale mellom Fusa og Samnanger kommune om samarbeid på brann og feiing etter modell om felles leing frå 01.01.2011 med den arbeidsfordelinga mellom kommunane som er tilrådd av prosjektgruppa. Jmf. rapport side 11.

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som har som føremål å utarbeida eit framlegg til avtale som regulerer samarbeidet. Arbeidsgruppa består av ein representant frå kvar av kommunane samt ein tillitsvald. Einingsleiar for teknisk i Samnanger vert leiar av gruppa. I tillegg til å utarbeida ein avtale skal arbeidsgruppa legge fram ein detaljert modell for organisering og samordning samt eit framlegg til budsjett. Arbeidsgruppa legg fram framlegg til avtale innan 1.10.2010.

#### **29.04.10 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Det vart røysta over framlegget frå Naturutvalet som vart samrøystes vedteke.

#### **KS-017/10 VEDTAK:**

Samnanger kommune er positiv til at det vert inngått avtale mellom Fusa og Samnanger kommune om samarbeid på brann og feiing etter modell om felles leing frå 01.01.2011 med den arbeidsfordelinga mellom kommunane som er tilrådd av prosjektgruppa. Jmf. rapport side 11.

Det vert sett ned ei arbeidsgruppe som har som føremål å utarbeida eit framlegg til avtale som regulerer samarbeidet. Arbeidsgruppa består av ein representant frå kvar av kommunane samt ein tillitsvald. Einingsleiar for teknisk i Samnanger vert leiar av gruppa. I tillegg til å

utarbeida ein avtale skal arbeidsgruppa legge fram ein detaljert modell for organisering og samordning samt eit framlegg til budsjett. Arbeidsgruppa legg fram framlegg til avtale innan 1.10.2010.

## **SAKNR. 018/10**

### **OMRÅDEPLAN FOR BJØRKHEIMSOMRÅDET - FINANSIERING**

#### **15.04.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

**Handsaming i møtet:** Marit Aase sette fram følgjande framlegg”

Pkt 1. Det vert sett av inntil kr.800.000,-. Pengane vert tekne frå Disposisjonsfondet.

Pkt 2. Det vert arbeidd med medfinansiering frå mogelege samarbeidspartar.”

Røysta punktvis:

Pkt. 1 – samrøystes vedteke.

Pkt. 2. – 4 røysta for og 1 imot.

#### **PØ-017/10 VEDTAK:**

Pkt 1. Det vert sett av inntil kr.800.000,-. Pengane vert tekne frå Disposisjonsfondet.

Pkt 2. Det vert arbeidd med medfinansiering frå mogelege samarbeidspartar.

#### **29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Sture Tveit H ba om at kartet som omhandlar områdeplanlegginga på Bjørkheim, og som vart handsama av Naturutvalet, må verta sendt ut til kommunestyremedlemmene saman med møteprotokollen.

Det vart røysta over framlegget frå PØ som vart samrøystes vedteke.

#### **KS-018/10 VEDTAK:**

Pkt 1. Det vert sett av inntil kr.800.000,-. Pengane vert tekne frå Disposisjonsfondet.

Pkt 2. Det vert arbeidd med medfinansiering frå mogelege samarbeidspartar.

## **SAKNR. 019/10**

### **TILLEGGSLØYVING NORSKOPPLÆRING AV FLYKTNINGAR I GRUNNSKULEN**

#### **15.04.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet: Brigte Olav Gåsdaal sette fram følgjande framlegg:” Kommunestyret løyver kr. 737.000 i samsvar med oppsett i saksutgreiinga. Summen vert finansiert slik:

Tilskot år 1 (2009) udisponert	kr	440.000
Øymerka tilskot skule (3x10.000)	kr.	30.000
Disposisjonsfond	kr.	200.000
Øymerka tilskot barnehage	<u>kr.</u>	<u>67.000</u> (skjønnskot)
Totalt	kr.	737.000

Ordførar og rådmann vert pålagt å undersøkje grunnlaget for ekstra tilskot til slik opplæring som saka omtalar. Resultatet av undersøkinga skal meldast til dei folkevalde.

Det vart røysta over framlegget som vart vedteke mot ei røyst.

### **PØ-019/10 VEDTAK:**

Kommunestyret løyver kr. 737.000 i samsvar med oppsett i saksutgreiinga.

Summen vert finansiert slik:

Tilskot år 1 (2009) udisponert	kr	440.000
Øyremerka tilskot skule (3x10.000)	kr.	30.000
Disposisjonsfond	kr.	200.000
Øyremerka tilskot barnehage	kr.	67.000 (skjønnsstilskot)
Totalt	kr.	737.000

Ordførar og rådmann vert pålagt å undersøkje grunnlaget for ekstra tilskot til slik opplæring som saka omtalar. Resultatet av undersøkinga skal meldast til dei folkevalde.

### **29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Pedagogisk konsulent Karin H. Steinsland svara frå spørsmål frå kommunestyret om finansiering av undervisning for framandspråklege.

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå PØ som vart samrøystes vedteke.

### **KS-019/10 VEDTAK:**

Kommunestyret løyver kr. 737.000 i samsvar med oppsett i saksutgreiinga.

Summen vert finansiert slik:

Tilskot år 1 (2009) udisponert	kr	440.000
Øyremerka tilskot skule (3x10.000)	kr.	30.000
Disposisjonsfond	kr.	200.000
Øyremerka tilskot barnehage	kr.	67.000 (skjønnsstilskot)
Totalt	kr.	737.000

Ordførar og rådmann vert pålagt å undersøkje grunnlaget for ekstra tilskot til slik opplæring som saka omtalar. Resultatet av undersøkinga skal meldast til dei folkevalde.

### **SAKNR. 020/10**

#### **VEST-NORGES BRUSSELKONTOR**

### **15.04.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet: **Marit Aase** sette fram følgjande fellesframlegg: ” Samnanger kommune søker om medlemskap i Vest-Norges Brusselkontor. Medlemskontingent vert å finansiera ved næringsfondet.”

Samrøystes vedteke.

### **PØ-022/10 VEDTAK:**

Samnanger kommune søker om medlemskap i Vest-Norges Brusselkontor. Medlemskontingent vert å finansiera ved næringsfondet.

## **29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå Sp sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Som vedtaket i PØ med dette tillegget: Medlemsskapen vert vurdert etter eitt år- Dersom ein ikkje ser positive verknader av medlemsskapen, skal han seiast opp.”

Det vart røysta alternativt over framlegget frå PØ og framlegget frå PØ med tillegget frå Monica Tjønnå. PØ sitt framlegg fekk 18 røyster. 3 røysta for framlegget frå PØ med tillegget frå Monica Tjønnå. Framlegget frå PØ vart dermed vedteke.

### **KS-020/10 VEDTAK:**

Samnanger kommune søker om medlemsskap i Vest-Norges Brusselkontor. Medlemskontingent vert å finansiera ved næringsfondet.

### **SAKNR. 021/10**

#### **NORHEIMSUND INDUSTRIER AS - FØRESPURNAD OM TEIKNING AV AKSJER**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

### **15.04.2010 PERSONAL OG ØKONOMIUTVALET**

Handsaming i møtet: **Brigt Olav Gåsda** sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune deltek ikkje i aksjeemisjon ved Norheimsund Industrier.”

Samrøystes vedteke.

### **PØ-023/10 VEDTAK:**

Samnanger kommune deltek ikkje i aksjeemisjon ved Norheimsund Industrier.

## **29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Jon Magne Bøgevik Frp sette fram følgjande framlegg til vedtak:

”Samnanger kommune kjøper 5 aksjar pålydande à kr. 5000,-, sum kr. 20.000,- med til saman 100.000,-- Summen vert teken frå disposisjonsfondet. Samnanger kommune er positiv til at det kjem inn andre eigarar.”

PØ sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot framlegget frå Frp. Framlegget frå PØ fekk 7 røyster. Framlegget frå Frp fekk 14 røyster og vart vedteke.

### **KS-021/10 VEDTAK:**

Samnanger kommune kjøper 5 aksjar pålydande à kr. 5000,-, sum kr. 20.000,- med til saman 100.000,-- Summen vert teken frå disposisjonsfondet. Samnanger kommune er positiv til at det kjem inn andre eigarar.

**SAKNR. 022/10**  
**VAL AV REVISOR FOR SAMNANGER KOMMUNE**

**Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for Samnanger kommune til å forlengje avtalen med 2 år.

**29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå Sp fekk permisjon frå møtet kl 19.55 og deltok difor ikkje i avrøystinga under saka.

Sekretær for Kontrollutvalet Kari Nygard orienterte om prosessen med val av revisor i Samnanger kommune.

Det vart røysta over framlegget frå kontrollutvalet som vart samrøystes vedteke.

**KS-022/10 VEDTAK:**

Kommunestyret vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for Samnanger kommune til å forlengje avtalen med 2 år.

**SAKNR. 023/10**

**FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV 2010-11 - MARION LANGHELLE PEDERSEN. VAL AV REPRESENTANTAR I HENNAR STAD**

**29.04.2010 KOMMUNESTYRET**

Handsaming i møtet:

Gunnar Bruvik Frp sette fram følgjande framlegg til vedtak:

<b>Verv</b>	<b>Framlegg til val</b>
Fast representant i Kommunestyret.	Tyra Pedersen Frp
1. vara til kommunestyret	Silje Hovland Frp
2. vara til kommunestyret	Svein Verner Røseth Frp
Fast representant i Personal- og økonomiutvalet.	Jon Magne Bogevik Frp
1. vara til Personal- og økonomiutvalet	Gunnar Bruvik Frp
2. vara til Personal- og økonomiutvalet	Tyra Pedersen Frp
Fast representant i Administrasjonsutvalet	Jon Magne Bogevik Frp

1. vara til Adm.utvalet	Gunnar Bruvik Frp
2. vara til Admutvalet	Tyra Pedersen Frp
2. Varamedlem i Naturutvalet.	Tyra Pedersen Frp
1. vara til utvalet for oppvekst og omsorg	Gunnar Bruvik Frp
2. vara til utvalet for oppvekst og omsorg	Vidar Rolland Bl

Det vart stemt punktvis over framlegget. Under punktet om fast representant til personal og økonomiutvalet røysta 17 for og 3 mot. Resten av punkta vart samrøystes vedtekne.

**KS-023/10 VEDTAK:**

Verv	Framlegg til val
Fast representant i Kommunestyret.	Tyra Pedersen Frp
1. vara til kommunestyret	Silje Hovland Frp
2. vara til kommunestyret	Svein Verner Røseth Frp
Fast representant i Personal- og økonomiutvalet.	Jon Magne Bogevik Frp
1. vara til Personal- og økonomiutvalet	Gunnar Bruvik Frp
2. vara til Personal- og økonomiutvalet	Tyra Pedersen Frp
Fast representant i Administrasjonsutvalet	Jon Magne Bogevik Frp
1. vara til Adm.utvalet	Gunnar Bruvik Frp
2. vara til Admutvalet	Tyra Pedersen Frp
2. Varamedlem i Naturutvalet.	Tyra Pedersen Frp
1. vara til utvalet for oppvekst og omsorg	Gunnar Bruvik Frp
2. vara til utvalet for oppvekst og omsorg	Vidar Rolland Bl



